




DETALJREGULERINGSPLAN FOR EITRHEIMSVÅGEN

VARSEL AV PLANOPPSTART OG FORSLAG TIL PLANPROGRAM

November 2016

PLANID: 12282016006



VARSEL OM PLANOPPSTART OG FORSLAG TIL PLANPROGRAM

Innhold

1. Grunnlag for planarbeidet	1
Varsel for eigarar, rettighetshavarar, naboar og andre partar:	1
Mandat	1
Planområdet	1
Kvifor planprogram og konsekvensutgreiing?	2
Kva er eit planprogram?	2
Kva er ei konsekvensutgreiing?	3
Lov, retningslinjer, planar og utgreiingar som ligg til grunn for planen	4
Risiko- og sårbarheitsanalyser (ROS), Klima og energi	4
Friluftsliv, Folkehelse, Universell utforming, Barn og unge	4
Næring, Attraktive senter, Arkitektur og Estetikk	4
2. Føremålet med planarbeidet	5
Nytt næringsareal	5
Meir areal til offentlig og privat tenesteyting	5
Betre utnytting av grønnstruktur	5
oppdatera utdaterte planar	6
3. Problemstillingar, viktige for miljø og samfunn	7
3.1 Biologisk mangfald	7
3.2 Landskap	7
3.3 Kulturminner og kulturmiljø	7
3.4 Fareområder	8
3.5 Ureining	9
3.6 Bygningsmiljø og estetikk	9
3.7 Teknisk infrastruktur	10
3.8 Nærmiljø	10
3.9 Oversikt eksisterande vurderingar og naudsynt ny kunnskap	10
4. Relevante og realistiske alternativ	11
0-alternativet	11
Korleis desse alterativa skal takast i vare i planarbeidet	11
5. Planprosess og medverknad	12

VARSEL OM PLANOPPSTART OG FORSLAG TIL PLANPROGRAM

Merknader til meldinga om oppstart	13
Medverknad for grupper som er antatt å verte spesielt råka	13
6. Kart over området	14

VARSEL OM PLANOPPSTART OG FORSLAG TIL PLANPROGRAM

1. Grunnlag for planarbeidet

VARSEL FOR EIGARAR, RETTIGHEITSHAVARAR, NABOAR OG ANDRE PARTAR:

I medhald av plan- og bygningsloven §§ 12-1, 12-8 og 12-14 vert det med dette varsla at Odda kommune set i gong arbeid med reguleringsendring for følgjande eigedomar:

Gnr.	Bnr.
64	1
64	2
64	40
64	86
64	108
64	114
64	115
64	116
64	137
64	138
64	139
64	140

Gnr.	Bnr.
64	141
64	220
64	236
64	237
64	256
64	271
64	281
64	288
64	322
64	323
64	324

MANDAT

Rådmannen har fått politisk bestilling på utforming av ny reguleringsplan for delar av Eitrheim. Dette vart vedteke i Odda kommune sin planstrategi, vedtatt av Odda kommunestyre 28.09.2016.

Odda kommune er ansvarleg for planprosessen. Arbeidet vert gjennomført av Teknisk, tenesteområde for Samfunnsutvikling.

PLANOMRÅDET

Planområdet er avgrensa med stipla linje, som vist i kartutsnittet under. Planområdet er ca. 53 daa. Planområdet tar høgd for eit behov for oppdateringar og tilpassingar for delar av 6 eldre, gjeldande reguleringsplanar, PlanID:

- 12281974002 Eitrheim
- 12281979001 Eitrheim sør
- 12281984001 Eitrheim vest
- 12281987007 Eitrheim sør
- 12281993004 Eitrheim sør, reguleringsendring
- 12281993005 Eitrheimsneset, reguleringsendring

VARSEL OM PLANOPPSTART OG FORSLAG TIL PLANPROGRAM

Den nye reguleringsplanen vil erstatta dei delane av dei eldre reguleringsplanane som er innafor planområdet.

Sjå <https://kommunekart.com/> for tilgang til dei aktuelle reguleringsplanane for området.

KVIFOR PLANPROGRAM OG KONSEKVENSGREIING?


Odda kommune vurderer at planforslaget fell inn under *Forskrift om konsekvensutredninger for planer etter plan- og bygningsloven* (FOR-2014-12-19-1726) sitt virkeområde, § 2. Planer som alltid skal behandles etter forskriften, d) områdereguleringer, og detaljreguleringer på mer enn 15 dekar, som omfatter nye områder til utbyggingsformål. Nokon av reguleringsføremåla er ikkje konsekvensutgreia på høgare nivå og reguleringsplanen vil ikkje vere i samsvar med overordna plan.

Det er endringa for del av arealføremålet «Grønnstruktur» med underføremål «friområder», tenkt nytta til «Bebyggelse og anlegg» med underføremål «næringsbebyggelse» og «offentlig eller privat tjenesteyting» som løyser ut kravet om konsekvensutgreiing og følgeleg planprogram.

Føremålet med planprogram og konsekvensutgreiing (KU) er å sikra at omsyn til miljø og samfunn vert vurdert både som del av arbeidet med førebuinga til ny reguleringsplan, og når det vert tatt stilling til om, og på kva vilkår, planen skal gjennomførast.

KVA ER EIT PLANPROGRAM?

Planprogrammet gjer greie for føremålet med planarbeidet, skildrar det aktuelle området og kva problemstillingar som er sett som viktige for miljø og samfunn i det konkrete planarbeidet, basert på eksisterande kunnskap.



VARSEL OM PLANOPPSTART OG FORSLAG TIL PLANPROGRAM

Relevante og realistiske alternativ skal skildrast, og det skal gå fram av planprogrammet korleis desse alternativa skal takast i vare i planarbeidet.

Planprogrammet skal også gjere greie for planprosess med fristar, deltakara og opplegg for medverknad, spesielt for grupper som er antatt å verte spesielt råka. Det skal føreligga kart over planområdet. Vidare skal det gjerast greie for kva forhold som skal utgreiast og framhevast i konsekvensutgreiinga. Framgangsmåte og metode for å henta inn ny kunnskap skal skildrast.

KVA ER EI KONSEKVENsutGREIING?

Konsekvensutgreiinga skal tilpassast plannivået og vere relevant for dei avgjersler som skal takast. Utgangspunktet er tilgjengeleg kunnskap, og eventuell ny kunnskap som vert henta inn som del av planarbeidet. Vurderte alternativ skal gjerast greie for, og anbefalt alternativ skal grunngjevast. Innkomne merknadar frå varsel av planoppstart skal vurderast og kommenterast.

Planforslaget med konsekvensutgreiinga skal utgjere eit samla dokument. Verknadane av planen som heilskap skal inngå ved vurderinga av konsekvensane.



VARSEL OM PLANOPPSTART OG FORSLAG TIL PLANPROGRAM

LOV, RETNINGSLINJER, PLANAR OG UTGREIINGAR SOM LIGG TIL GRUNN FOR PLANEN

På nasjonalt nivå føl planarbeidet *Lov om planlegging og byggesaksbehandling av 27. juni 2008* (PBL).). Planarbeidet skal vere særskilt godt tilpassa *Rikspolitiske retningslinjer for barn og unge i planleggingen* og *Rikspolitiske retningslinjer for areal og transport i planleggingen*.

Plan- og bygningslova krev risiko- og sårbarheitsanalyse når det vert utarbeidd planar for utbygging, jf. § 4-3. All planlegging etter lova skal fremje samfunnstryggleik, jf. § 3-1. Samfunnstryggleik vil vere eit integrert tema i planen sine ulike delar og prosessar.

Ut frå regionale tema for lokal arealplanlegging, vil planarbeidet spesielt vurderer:

Risiko- og sårbarheitsanalyser (ROS), Klima og energi

Aktuelle tema: Skredfare, Ureining av grunn, Støy, Overvatn

Friluftsliv, Folkehelse, Universell utforming, Barn og unge

Aktuelle tema: Erstatning av grøntareal, tilgjenge og betre utnytting av grøntareal, barnehagekapasitet, trafikksikkerhet, problemstillingar kring støy, støv, lukt og farlege kjemikalier.

Næring, Attraktive senter, Arkitektur og Estetikk

Vurdering av type næring, tilpassing til senterstruktur, krav til arkitektur og estetikk.

Lokalt skal planarbeidet ta stilling til følgjande planar:

- Kommunal planstrategi
- Kommuneplanen sin Samfunnsdel og Arealdel
- Strategisk næringsplan 2012-2016
- Klima- og energiplan 2010
- Trafikksikkerhetsplan 2010-2014
- Kulturminneplan
- Risiko og sårbarheitsanalyse
- Kommunedelplan for barn og ungdom 2010-2013
- Barnehagebruksplan
- Kommunedelplan for idrett, anleggsdelen

2. Føremålet med planarbeidet

NYTT NÆRINGSAREAL

Eit av føremåla, nytt næringsareal, er prioritert oppgåve for Odda kommune i det pågåande arbeidet med ny arealdel til kommuneplanen, stadfesta i planprogrammet vedtatt 17.12.2014.

Odda kommune har også tidligare søkt å leggja til rette for meir næringsareal i Eitrheimsvågen, med oppstart av reguleringsplanarbeid i 2005 (UTK-088/05 vedtak). Utgangspunktet for planarbeidet var den gong at Montér Odda hadde for lite plass til si eksisterande verksemd og ønska tilgang til både eit større og meir trafikktrygt område. Forslag til reguleringsendring av gjeldande plan, frå 1993, vart sendt på høyring november 2005.

Planarbeidet stoppa blant anna som følge av motsegn frå Fylkesmannen i Hordaland, datert 20.12.2005. Motsegnet var knytt til ei reduksjon av eksisterande friområde med ca. 25% og manglande vurdering opp mot krav om erstatningsareal for friarealet, jamfør *Rikspolitiske retningslinjer for å styrka born og unge sine interesser i planlegginga*.

MEIR AREAL TIL OFFENTLIG OG PRIVAT TENESTEYTING

Eit anna føremål er å leggja til rette for meir areal til barnehagen. Barnehagen er ein sentral del av det tett integrerte forholdet mellom bustad og næring i området. Dekningsgraden syner seg å vere stabil. Det er naudsynt med meir areal like vest for barnehagen, for å kunne gjere endringar eller tilpassingar til bygningsmassen og uteområdet i framtida.

BETRE UTNYTTING AV GRØNNSTRUKTUR

Ny plan søker å leggja til rette for ei betre utnytting av idrettsanlegg. I reguleringsplanen frå 1993 var området tenkt nytta til fotballbane, støyvoll/tribune, ballplass, leik, sykkelcross og arrangementsplass. I dag er området i noko mindre grad nytta som arena for alle desse aktivitetane.

Medan område til sykkelcross framstår opparbeid og har også kvalitet i form av større lauvtrær, er det mindre bruk av fotballbana i sinn heilskap, etter at andre idrettsanlegg har fått ein styrka posisjon i Odda. Følgeleg er støyvoll/tribunen grodd til med villniss.

Ballplassen og område til leik vert nytta som parkeringsområde. Arrangementsplassen vert nytta til sirkus-arrangement, men vert også delvis nytta som oppstillingsplass for større køyretoy.

Det er von at betre utnytting er mogleg ved å redusera området og tilpassa arealet til betre bruksfunksjonar, ved at ny plan utarbeidar utomhusplan for grønnstruktur og barnehagen og

VARSEL OM PLANOPPSTART OG FORSLAG TIL PLANPROGRAM

stiller rekkefølgekrav til opparbeiding av området før anna etablering vert gjennomført. Planarbeidet må byggja på ei heilskapleg vurdering av krav om erstatningsareal for friarealet, jamfør *Rikspolitiske retningslinjer for å styrka born og unge sine interesser i planlegginga*.

OPPDATERA UTDATERTE PLANAR

Det er ønskeleg å oppdatere plandokumenta for området, då dagens kart og terreng ikkje fullt ut samstemmer med gjeldande reguleringsplanar. Dei mange avvika gjer plandokumenta mindre tenelege i byggesaksforvaltninga.

Føremålet med å inkludera nærliggande område er ikkje å endra arealbruken, men primært å oppdatere føresegna og slik ha plandokument som sikrar ei meir funksjonell og føreseieleg forvaltning for området. Nokre tilpassingar og betre løysingar for arealbruken bør vurderast.



3. Problemstillinger, viktige for miljø og samfunn

Aktuelle problemstillinger viktige for miljø og samfunn er i dette planarbeidet knytt til endringa av areal regulert til grønnstruktur (vist som FR1 i eksisterende plan). Ny reguleringsplan søker å redusere dette arealet og nytte delar av det til offentlig tenesteyting og næringsareal.

3.1 BIOLOGISK MANGFALD

Observasjon av framande artar (kanadagås og pinnsvin) og trua artar (hettemåke, 1983, ikkje verifisert).

- Det skal gjerast søk i Artsdatabasen, Miljøkommune.

3.2 LANDSKAP

Arealet er i hovudsak flatt mellom kommunal- og fylkesveg, med høgare terreng ovanfor kommunal veg.

- Det må gjerast ei vurdering av kva byggehøgde som er akseptabel for eksisterande bustadområde
- Vidare bør det vurderast om nokon siktsoner gjennom terrenget bør vera førande for plassering av nye næringsbygg.

3.3 KULTURMINNER OG KULTURMILJØ

Det er venta at kulturminne og kulturmiljø er utgreidd som del av tidlegare reguleringsplanar. Det er ikkje nytt areal som skal regulerast i dette tilfellet.

- Vurder dokumentasjon som del av tidligare planarbeid.
- Kulturminneplan
- Askeladden, Miljøkommune



VARSEL OM PLANOPPSTART OG FORSLAG TIL PLANPROGRAM

3.4 FAREOMRÅDER

Området er plassert på fylling i sjø (kommunalt deponi) og det er naudsynt å vurdere grunnforhold, risiko for setteskader og bevegelse i grunn. Handtering av overvatn må også vurderast. Rasfare kan vere aktuelt. Radon er truleg mindre aktuelt. Nytt, utvida utkøyring kan vere eit potensielt ulykkespunkt.

- Vurder grunntilstand og kapasitet for overvatn ut frå eksisterande dokumentasjon og kunnskap i administrasjonen. Gjennomfør miljøkartlegging.

← → ↻ grunn.miljodirektoratet.no

GRUNNFORURENSNING MILJØ-DIREKTORATET

Søk Hjelp Tilbakemelding English

Utvidet søk
Søk på kart
Informere oss om forurenset grunn
Lenker
Administrasjon
Hovedsiden
Hjelp

Søkeresultat

Totalt 14 lokaliteter tilfredsstilte søkekriteriene. Trykk på lokalitetsnavn for å se detaljer om lokaliteten. For andre valg kryss av ved ønskede lokaliteter (avkryssing er ikke mulig for eventuelle lokaliteter tilhørende Forsvarsbygg).

Velg	Lokalitetsnavn	Nummer	Gnr/Bnr/Fnr	Kommune	Type	Påvirkningsgrad	Besøksadresse	Matrikkelen
<input type="checkbox"/>	Bolden Odda (NORZINK A/S)	1228010	63/189/0/0	Odda	Deponi	02	Eitrheimsvegen 150, 5750 Odda	Ja
<input type="checkbox"/>	Bolden Odda - bedriftsområde Eitrheimsneset	1228012	64/8/0/0	Odda	Forurenset grunn	03	Ukjent	Ja
<input type="checkbox"/>	Bolden Odda - fjellhaldeponier	1228017	64/3/0/0	Odda	Deponi	03	Eitrheim 64, 5750 Odda	Ja
<input type="checkbox"/>	EITRHEIM	1228004	64/237/0/0	Odda	Kommunalt deponi	02	EITRHEIMSVEGEN 174, 5750 Odda	Ja
<input type="checkbox"/>	EITRHEIMSTUNNELEN	1228005	64/5/0/0	Odda	Deponi	02	TUNVEGEN 2, 5750 Odda	Ja
<input type="checkbox"/>	ERAMET TITANIUM & IRON AS	1228007	74/3/0/0	Odda	Forurenset grunn	02	Naustbakken 1, 5770 Tyssedal	Ja
<input type="checkbox"/>	LINDENES KOMM. FYLLING	1228002	64/9/0/0	Odda	Kommunalt deponi	02	Ukjent	Ja
<input type="checkbox"/>	Odda Smelteverk - Hjøllotippen	1228008	56/2/0/0	Odda	Deponi	02	HJØLLOVEGEN 12, 5750 Odda	Ja
<input type="checkbox"/>	Odda Smelteverk - industriområde	1228016	59/116/0/0	Odda	Forurenset grunn	03	5750 Odda	Ja
<input type="checkbox"/>	Odda Smelteverk - Ragdetippen	1228009	56/2/0/0	Odda	Deponi	02	HJØLLOVEGEN 12, 5750 Odda	Ja
<input type="checkbox"/>	Odda Tankanlegg	1228013	64/59/0/0	Odda	Forurenset grunn	01	Ukjent	Nei
<input type="checkbox"/>	Odda videregående skole	1228011	53/316/0/0	Odda	Forurenset grunn	02	Ukjent	Ja
<input type="checkbox"/>	SAMTEIG (GML KOMM. FYLL.)	1228003	61/4/0/0	Odda	Kommunalt deponi	02	Ukjent	Ja
<input type="checkbox"/>	TYSSEDAL SØPPELSJAKT	1228001	74/12/0/0	Odda	Kommunalt deponi	02	TYSSEDAL, 5770 Tyssedal	Ja

Søkekriterier for dette søket:
Kommune: odda
Lokalitetens status: Aktiv

Velg alle Vis lokaliteter på kartet E-skjema Tilbake

Området kan brukast med restriksjonar, påverknadsgrad 2, kommunalt deponi, jamfør https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2004-06-01-931/KAPITTEL_1-2#KAPITTEL_1-2 <https://www.trondheim.kommune.no/faktaark-forurenset-grunn/>


VARSEL OM PLANOPPSTART OG FORSLAG TIL PLANPROGRAM

- Vurder rasfare. Bestill egen faresonekartlegging for skred, som tilrådd av kommunegeolog Tore Dolvik.
- Vurder radon. Sjå rettleiar og søk frå Statens strålevern.
- Vurder plassering, storleik og tryggleik for gåande og sykklande i samband utkøyring frå nytt næringsareal og barnehage.

3.5 UREINING

Planarbeidet må ta omsyn til ureining av grunn og luft, potensielle nye støykilder og avstandar mellom areal til næring, grønnstruktur, barnehage og bustadar.

- Avklare støy frå tilgrensande fylkesveg med utgangspunkt i Statens vegvesen si kartlegging: «Støyvarselkart i henhold til T-1442, Odde kommune - del I nord».
- Vurdere type ny næring og underformål, ut frå venta støykonsekvens for tilstøytande arealføremål.
- Ta omyn til luftureining i området: utslipp av CO₂ fra diffuse industrikilder (95 - 252 tonn pr 5x5 km²) (utslipp av Nox og svevestøv er tilsvarande).



3.6 BYGNINGSMILJØ OG ESTETIKK

Den fortettande bygningsmassen i området krev ekstra omsyn til god tilpassing av ny og eksisterande bebyggelse.

VARSEL OM PLANOPPSTART OG FORSLAG TIL PLANPROGRAM

- Inkluder konkrete føresegn for bygningsmiljø og estetikk.
- Inkluder utomhusplan for område til grønnstruktur og barnehage.

3.7 TEKNISK INFRASTRUKTUR

Særleg merksemd må viast til plassering og utforming av grønnstruktur, tilkomst, parkering og offentlig areal som skal vere universelt utforma.

Planarbeidet må nytta klima- og enerigplanen for løysingar og alternativ for krav til energiløysingar og klimatilpassingar.

3.8 NÆRMILJØ

Planarbeidet vil ha konsekvensar for nærmiljøet. Det skal leggast til rette for informasjon til velforening, naboar, representant for barn- og unge, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, idrettsråd, barnehagerepresentant og eldreråd, m.fl.

Særleg omsyn til barn og unge skal vurderast, som følge av reduksjon i grønnstruktur.

3.9 OVERSIKT EKSISTERANDE VURDERINGAR OG NAUDSYNT NY KUNNSKAP

NR.	TEMA	EKSISTERANDE	NY
1	Biologisk mangfald	Nettsøk	
2	Landskap	Synfaring og lokalkunnskap	
3	Kulturminne og kulturmiljø	Arkivsøk og nettsøk	
4	Fareområde	Arkivsøk, nettsøk	Faresonekartlegging skred, i samsvar med rapport frå kommunegeolog.
5	Ureining	Arkivsøk, nettsøk	Miljøkartlegging.
6	Bygningsmiljø og estetikk	Lokalkunnskap	Utomhusplan.
7	Teknisk infrastruktur	Lokalkunnskap	
8	Nærmiljø	Lokalkunnskap	

4. Relevante og realistiske alternativ

0-ALTERNATIVET

I henhold til Forskrift om konsekvensutredninger skal det gjerast greie for konsekvensane av å ikkje realisera tiltaket (0-alternativet). 0-alternativet tar utgangspunkt i dagens situasjon, og fattar i tillegg om forventa endringar utan tiltaket i analyseperioden. Alle konsekvensar som blir undersøkt i dei ulike alternativa vil derfor vurderast i forhold til 0-alternativet.

Dagens situasjon er definert ut frå gjeldande kommuneplan og reguleringsplan. Området vil i så tilfelle halda fram som bustad, veg, offentleg og privat tenesteyting og grønnstruktur.

- I konsekvensutgreiinga vil det på bakgrunn av vurderingar kunna koma fram alternative plasseringar for barnehagen, plassering av grønnstruktur og næringsareal.
- Det kan også koma fram alternative trafikkløysingar for barnehage, grønnstruktur og næringsareal.

KORLEIS DESSE ALTERATIVA SKAL TAKAST I VARE I PLANARBEIDET

Storleik for utvidinga av barnehagen må avklarast av administrasjonen i Odda kommune.

Eksisterande kvalitetar for grønnstrukturen, som skog, skal vektleggast i vidareføringa av ny grønnstruktur. Ny grønnstruktur skal tilpassast den type ny installasjonar som er ønska for området.

Næringsareal skal vera lokalisert med tilkomst til kommunal veg, men samstundes med moglegheit for eksponering til fylkeskommunal veg.

Dei tre arealtypeane skal tilpassast kvarandre på ein måte som søker å unngå uheldige konsekvensar. Omsyn til nærmiljø og bustadområde skal vektleggast.

VARSEL OM PLANOPPSTART OG FORSLAG TIL PLANPROGRAM

5. Planprosess og medverknad

	Fase	Vedtak	Tid	Medverknad	PBL §
1	Varsel om oppstart og forslag til planprogram ut på høyring				12-1 12-8 12-14 4-1 4-2
2	Kunngjering av planoppstart og høyring av forslag til planprogram		Minst 6 veker	Avis, nettside og brev	12-8
3	Vurdering av innspel til planprogram, justeringar			Informasjonsmøte	12-8 12-9
4	Fastsetting av planprogram	Utviklingskomiteen*			12-9 4-1
5	Kunngjering av fastsett planprogram			Avis, nettside og brev	12-9
6	Utarbeiding av forslag til reguleringsplan				12-3 4-2
7	1.gongshandsaming av planforslag	Utviklingskomiteen*			12-10
8	Høyring og offentlig ettersyn		Minst 6 veker	Avis, nettside og brev	12-10 5-2
9	Vurdering av uttaler og motsegn, eventuelt mekling ved motsegn, inkludert eventuell endring av plan; enten nytt offentlig ettersyn eller avgrensa høyring				12-10 12-13
10	2.gongshandsaming med tilråding om godkjenning av reguleringsplan	Vedtak om tilråding i Utviklingskomiteen* Vedtak av reguleringsplan i Kommunestyret			12-12 12-13
11	Kunngjering av vedtatt plan, avslutning av arbeidet med reguleringsplan		Klagefrist: 3 veker, forvaltnings-loven §29	Avis, nettside og brev	12-12

* Tilrettelagte møter for kommunale råd skal nyttast i forkant av politiske vedtak i alle fasar av planprosessen.

VARSEL OM PLANOPPSTART OG FORSLAG TIL PLANPROGRAM

MERKNADAR TIL MELDINGA OM OPPSTART

Me ber om at innspel vert sendt innan **09.01.2017** til:

Odda kommune, Opheimsgata 31, 5750 Odda

E-post: post@odda.kommune.no

MEDVERKNAD FOR GRUPPER SOM ER ANTATT Å VERTE SPESIELT RÅKA

Offentleg informasjonsmøte skal arrangerast i nærleiken av planområdet.

Tilrettelegte møter for kommunale råd skal nyttast i forkant av politiske vedtak i alle fasar av planprosessen.



6. Kart over området



VARSEL OM PLANOPPSTART OG FORSLAG TIL PLANPROGRAM

1:2000

05.10.2016

